



Då Tormond Myklebust sette kusen mot Ukraina for 3 år sidan, saman med Karl N. Persson.

**I dei siste åra har det vore innsamling av klær til Ukraina her i bygda ved desse tider.
Slik blir det ikkje i år. No vil innsamlinga skje i mai, nærare bestemt laurdag 14. mai.
Og som før vil det bli innsamling også i Rosendal, på Husnes'og på Halsnøy denne dagen.**

- Grunnen til at stiftinga THK (Tro, Håp og Kjærlighet) ventar til mai er rett og slett at semitrailaren som står til disposisjon ikkje er ledig før. Den går i skytteltrafikk til Ukraina heile tida, fortel Tormod Myklebust til uskedalen.no

Han skal snart på ein ny tur til det store landet aust for Polen og Romania der det framleis er trong for mykje hjelp frå oss som har det mykje betre. I dette landet, som er dobbelt så stort som Noreg i landareal, bur det rundt rekna 50 millionar!

Uskedelingen Tormod Myklebust, som eigentleg er bonde men som køyrer fisk for Hjørnevåg til dagleg, har vore i Ukraina 4 turar med semitrailaren sidan 2008. 3 gonger har byen Korosten vore målet og ein gong hovudstaden Kiev.

Korosten ligg vest for Kiev, men i april går turen till ein liten by like ved Shostka. Den ligg 35 mil nordaust for Kiev, ikkje langt frå grensen til Russland og i eit svært fattig område.

Tormod set kursen mot Ukraina 28. april og får med seg ein annan uskedeling bak rattet. Det er den profesjonelle sjåfør Trond Håvard Skjelnes, som med dette debuterar som Austeuropa-sjåfør men som har køyrt mykje nedover i Europa.

På 3 år har også Tormod fått mykje erfaring i slike humanitære oppdrag.

Av Ola Matti Mathisen



Ukraina er eit stort land og treng mykje hjelp.